

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 14/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr: 132

SØKNAD OM TILSKOT, STØLSVEGEN HØYME-STRØ

Stølsvegen Høyme-Strø søker om tilskot til utbetring av stølsvegen frå Lostøl til Åstadstøl. Rekneskapsføraren opplyste at arbeidet i 2004 skal gå frå Lostøl til Grytestøl og førast vidare neste år. Vegarbeidet skal starte til sumaren og skal kombinerast med anleggsarbeidet med framføring av straum til Syndin.

Stølsvegen har kalkulert med kr 880.000 i utgifter i 2004. Av dette er kr 750.000 knytt til anleggsarbeidet. I 2000 fann fylkesmannen si landbruksavdeling v/Lundberg vegen svært bra, det var berre nødvendig med mindre tiltak rekna til kr 3000. Standarden på denne vegstrekninga er i dag omtrent på det nivå som dei andre vegane i Syndin-området etter utbetringa i 2003. Det ligg føre plan om at vegen skal bli heilårsveg og dei ynskjer derfor ein høgare standard enn vanleg. Lundberg kalkulerte opprustingsarbeidet til vegklasse 2 med 5 m breidde for heile strekninga Lostøl-Åstadstøl til kr 674.400.

Vegen har pr. 30.10.03 ein eigenkapital på kr 176.000 og forventa inntekt i 2004 er kr 319.000. Kapitalbehovet for 2004 blir etter dette kr 561.000. Det blir søkt om kr 200.000 i tilskot. Rekneskap er lagt med søknaden. Dette syner at stølsvegen Høyme-Strø har eit langt større inntektspotensiale enn dei fleste andre vegane.

Fjellstyret førte inn krav om planlegging av veganlegg for å ha eit budsjett som ein kunne vurdera tilskot etter. Dette skulle vera ein lik standard og eventuell heving av vegstandard ut over dette må vera vegstyret sitt ansvar.

Fjellstyret har i mange år gjeve store tilskot til m.a. veganlegg. Dette har gjort til at det har vorte underskot i fleire år og eige kapitalen har kome ned på eit minimum. Fjellstyret må derfor redusere utgiftene og kan ikkje gi så mykje i tilskot som tidlegare.

VEDTAK:

Fjellstyret finn ikkje å kunne gi tilskot det planlagde veganlegg. Bakgrunn for vedtaket er den økonomiske situasjonen til fjellstyret og at tiltak ut over vanleg vegstandard ikkje blir dekket.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 11.2.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsvegen Høyme-Strø v/Trygve Tørstad, 2973 Ryfoss